

Forureiningsforskrifta kapittel 20 - Pliktane til kommunen

Åsmund Skancke Karlsnes,
asmund.karlsnes@statsforvaltaren.no
overingeniør



Statsforvaltaren i Vestland



26.09.2024



Skipsavfallsdirektivet

Bakgrunnen for skipsavfallsdirektivet er å verne havmiljøet ved å auke tilgangen til og bruken av mottaksordningar for avfall frå skip i hamner. Intensjonen med lovgivinga er å førebyggje og redusere marin forsopling ved å sikre at skip har tilgang til tilstrekkelege mottaksordningar i hamnene dei vanlegvis anløper.





Norsk lovgivning

I Noreg er skipsavfallsdirektivet (direktiv (EU) 2019/883) implementert i forureiningsforskrifta kapittel 20. Denne forskrifta set krav til at alle hamner i Noreg skal ha ein avfallsplan for å sikre tilfredsstillande mottaksordningar for avfall frå skip.





Endringar i 2023

Forureiningsforskrifta kapittel 20 vart endra 1. oktober 2023, i tråd med det nye skipsavfallsdirektivet frå EU.

- Godkjenningstid aukast frå tre til fem år
- Fleire småbåthamner kan få unntak frå kravet om avfallsplan
- Hamnene må legge til rette for materialgjenvinning





Kommunen si rolle i endra forskrift

For hamnar der kommunen er hamneansvarlege må kommunen utarbeide ein avfallsplan i tråd med forskrifta.

- Nokre fleire småbåthamner kan få fritak frå kravet om avfallsplan dersom dei oppfyller nokre kriterium

Kommunen skal ha ein oversikt over hamner i eiga kommune

Krava finn de i [Forureiningsforskrifta § 20 - 6](#)





Endringar for kommunane frå gamal forskrift

Frå førre versjon:

§ 20-6. *Avfallsplaner og rapportering*

Havneansvarlig plikter å utarbeide en avfallsplan i samråd med berørte parter, herunder spesielt brukere av havnen eller deres representanter. For havner som hovedsakelig mottar avfall fra fritidsbåter, skal kommunen i samråd med havneansvarlige og berørte parter utarbeide en felles avfallsplan. Havneansvarlige som ikke gir kommunen nødvendige opplysninger, er selv ansvarlig for å utarbeide en egen avfallsplan.

Kommuner og havneansvarlige kan i felleskap utarbeide avfallsplaner, under forutsetning av at behovet for og tilgangen til mottaksordninger spesifiseres.

Ny forskrift:

Havneansvarlige fra nærliggende havner i samme kommune kan i felleskap utarbeide avfallsplaner, under forutsetning av at behovet for og tilgangen til mottaksordninger spesifiseres for hver havn.





Endringar for kommunane frå gamal forskrift

Frå førre versjon:

Kommunen skal lage en oversikt over alle havner innenfor kommunen, som skal sendes statsforvalteren innen 1. januar 2014. Oversikten skal oppdateres og sendes statsforvalteren på nytt ved vesentlige endringer.

Ny forskrift:

Kommunen skal ha en oversikt over alle havner innenfor kommunen, som skal sendes til statsforvalteren. Oversikten skal oppdateres og sendes statsforvalteren på nytt ved vesentlige endringer.





Vår dato:

29.08.2024

Vår ref:

2024/12830

Dykkar dato:

«RefDato»

Dykkar ref:

«Ref»

«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Åsmund Skancke Karlsnes, 5764 3122

Vi ber om ei oppdatert oversikt over alle hamner i kommunen

Alle kystkommunar pliktar å ha ei samla oversikt over alle hamner i kommunen.

Vi ber om at kommunen sender ei slik oversikt på e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no innan

1. november 2024. Ver vennleg og oppgi referansen vår (2024/12830).

Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestland viser til forureiningsforskrifta kapittel 20 om levering og mottak av avfall frå skip. Forskrifta set krav om at alle hamner i Noreg skal ha ein avfallsplan, og dette skal mellom anna sikre at hamnene har tilfredsstillande mottaksordningar for avfall frå skip.

Forureiningsforskrifta kapittel 20 er den norske gjennomføringa av EU-regelverket i skipsavfallsdirektivet (direktiv (EU) 2019/883).

Kapittel 20 i forureiningsforskrifta vart endra 1. oktober 2023. I den endra forskrifta er det gitt unntak frå plikta til å utarbeide og gjennomføre ein avfallsplan for småbåthamner som oppfyller visse kriterium.





Vi ber om litt meir informasjon om småbåthamner

Statsforvaltaren treng meir informasjon om småbåthamner enn for andre hamnetypar.

Dette er for å få oversikt over kor mange småbåthamner som oppfyller unntakskriteria i den endra forskrifta.

Dersom kommunen ikkje allereie har informasjonen, har Statsforvaltaren laga ei sjekklister med spørsmål som kommunen kan sende til småbåthamnene





Sjekkliste for småbåthamner

Namn på hamn:

Namn på hamneansvarleg/kontaktperson:

Talet på båtplassar:

	Ja	Nei	Kommentar
Blir hamna anløpt berre av fritidsbåtar*? *Fritidsbåt: "alle flytande innretningar med ei skroglengd på 2,5 meter eller meir, som er berekna på og i stand til å bevege seg på vatn, og som blir brukt utanfor næringsverksemd"			
Har hamna ei ordning for å handtere avfall frå båtane? (T.d. at brukarane tek avfallet med heim, at de har inngått avtale med renovasjonsfirma e.l.)			
Er informasjon om avfallshandteringa i hamna tilgjengeleg for brukarane av hamna?			
Er hamna kommersiell? (Blir drive med formål om å skape <u>forteneste</u> .)			
Har hamna tilsette? (<u>ikkje</u> medlemsbasert struktur med administrasjon på frivillig basis.)			



Rettleiing

Sjå rettleiaren frå Miljødirektoratet dersom du er usikker på nokre av punkta i sjekklista.
[Avfallsplaner i havner: Veileder - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no)





Frist for å sende oversikt er 1. november 2024

Malane ligg her:

[Avfallsplan for hamner | Statsforvaltaren i Vestland
\(statsforvalteren.no\)](#)

Veileder:

[Avfallsplaner i havner: Veileder - miljodirektoratet.no](#)





Spørsmål?

Epost: asmund.karlsnes@statsforvaltaren.no

